



Statens vegvesen

Ard arealplan
Nygårdsgaten 114
5008 BERGEN

Behandlande eining:
Region vest

Sakshandsamar/innvalsnr:
Kari Elster Moen - 55516115

Vår referanse:
2010/019035-012

Dykkar referanse:

Vår dato:
26.05.2015

Uttale til varsel om mindre endring av reguleringsplan - gnr. 79 bnr. 11 og 102 m.fl. - Austmarka Øvre i Radøy kommune - Plan 12602010000100

Statens vegvesen viser til varsel om mindre endring av reguleringsplan for Austmarka øvre på Radøy datert 28.04.2015. Frist for uttale var satt 26.05.2015.

De har varslet endring av føresegnene til planen som gjeld rekkefølgekrav til infrastruktur og undergang i tillegg til ei endring av ordlyd i høve til avtale mellom kommune og Statens vegvesen.

Slik vi vurderer saka er dette ei endring som er for stor til å gå som mindre endring av reguleringsplan. Vi motset oss ikkje løysinga som tidlegare er drøfta i møte med oss der ein avventar å byggje undergangen til søre delen av planen skal byggast ut. Men vi ser at slik planen ligg no, er situasjonen for dei mjuke trafikantane uavklart som konsekvens av dette. Vi ser for oss at det mellom anna må regulerast inn ein universell utforma gangveg frå busslomma (retning nord) og inn mot gangvegen som går opp på gangbrua. Slik planen er no er det ingen slik samanheng utanom fortau som gir ein mykje lengre veg til gangbrua. Det er og eit spørsmål om ein må sjå på ei midlertidig plassering av busslommer andre stader enn det som ligg i planen.

Konklusjon:

Omsyn til trafikktryggleiken, mjuke trafikantar og løysingar for busslommer gjer at endringa som er varslet er for stor til at ho kan gå som mindre endring.

Plan- og forvaltningsseksjonen - Bergen
Med helsing

Sindre Lillebø

Sindre Lillebø
seksjonssjef

Kari Elster Moen
Kari Elster Moen
overingeniør

Kopi: Radøy kommune
Hordaland fylkeskommune
Fylkesmannen i Hordaland

Postadresse
Statens vegvesen
Region vest
Askedalen 4
6863 Leikanger

Telefon: 02030
Telefaks: 57 65 59 86
firmapost-vest@vegvesen.no
Org.nr: 971032081

Kontoradresse
Spelhaugen 12
5147 FYLLINGSDALEN

Fakturaadresse
Statens vegvesen
Landsdekkende regnskap
9815 Vadsø
Telefon:
Telefaks: